

## E K S A M E N

Emnekode: SK-101

Emnenavn: Skolebibliotek kunnskap 2: Barne- og ungdomslitteratur

Dato: 28. mai 2014

Varighet: 6 timer

Antall sider inkl. forside: 24

Tillatte hjelpemidler: Norskplanen i Kunnskapsløftet (se vedlegg).  
Hellevik: *Nynorsk ordliste*, 10. eller 11. utg.  
Hjulstad og Sødal: *Bokmålsordliste*, 2. utg.  
Berulfsen og Lundebj: *Bokmål. Aschehougs ordlister*, 11. utg.

Merknader: Kandidaten skal svare på *enten* oppgave 1 *eller* oppgave 2.  
For at kandidaten skal bestå eksamen, må han/hun besvare alle  
delspørsmålene i oppgaven.

---

**BOKMÅL**

Svar på *en* av de to følgende oppgavene.

**Oppgave 1****Sammensatte tekster**

Gjør greie for hva en sammensatt tekst er. Trekk inn eksempler fra pensum i utgreiinga.

Ta utgangspunkt i det vedlagte oppslaget og kommenter samspillet mellom de ulike modalitetene.

Velg deretter *en* av de sammensatte tekstene på pensum og reflekter kort over hvordan du vil arbeide med denne teksten i skolen.

**Vedlegg:** Utdrag fra Harald Skjønnsbergs *Norge i krise. De harde 30-åra* (2003).



**Oppgave 2**

**Asbjørn Rydlands *Drakeguten***

Innenfor samlebegrepet fantastisk litteratur kan *Drakeguten* plasseres i underkategorien "forflytning til en annen verden", også kalt heroisk-fantastisk litteratur. Dette er fortellinger som ofte er bygget over faste formler og mønstre, og bundet av konvensjoner. Et eksempel er motsetningen mellom det gode og det onde.

Gi en analyse av *Drakeguten* der du legger vekt på persongalleri og tematikk. Drøft på hvilken måte *Drakeguten* bruker formler og konvensjoner som er vanlige i heroisk-fantastisk litteratur.

**Vedlegg:** Utdrag fra Asbjørn Rydlands *Drakeguten* (2010).



## E K S A M E N

**Emnekode:** SK-101

**Emnenamn:** Skolebibliotekkunnskap 2: Barne- og ungdomslitteratur

Dato: 28. mai 2014

Lengde: 6 timar

Talet på sider inkl. framside: 24

Tillatne hjelpemiddel: Norskplanen i Kunnskapsløftet (sjå vedlegg).  
Hellevik: *Nynorsk ordliste*, 10. eller 11. utg.  
Hjulstad og Sødal: *Bokmålsordliste*, 2. utg.  
Berulfsen og Lundebj: *Bokmål. Aschehougs ordlister*, 11. utg.

Merknader: Kandidaten skal svare på *anten* oppgåve 1 *eller* oppgåve 2.  
For at kandidaten skal bestå eksamen, må han/ho svare på alle  
delspørsmåla i oppgåva.

---

### NYNORSK

Svar på *ei* av dei to følgjande oppgåvene.

#### Oppgåve 1

##### Samansette tekstar

Gjer greie for kva ein samansett tekst er. Trekk inn eksempel frå pensum i utgreiinga.

Ta utgangspunkt i det vedlagte oppslaget og kommenter samspelet mellom dei ulike modalitetane.

Vel deretter *ein* av dei samansette tekstane på pensum og reflekter kort over korleis du vil arbeide med denne teksten i skolen.

**Vedlegg:** Utdrag frå Harald Skjønberg's *Norge i krise. De harde 30-åra* (2003).



## Oppgave 2

### Asbjørn Rydlands *Drakeguten*

Innanfor samleomgrepet fantastisk litteratur kan *Drakeguten* plasserast i underkategorien ”forflytting til ei anna verd”, også kalla heroisk-fantastisk litteratur. Dette er forteljingar som ofte er bygde over faste formlar og mønster, og bundne av konvensjonar. Eit eksempel er motsetninga mellom det gode og det vonde.

Gi ei analyse av *Drakeguten* der du legg vekt på persongalleri og tematikk. Drøft på kva måte *Drakeguten* brukar formlar og konvensjonar som er vanlege i heroisk-fantastisk litteratur.

**Vedlegg:** Utdrag frå Asbjørn Rydlands *Drakeguten* (2010).

# Ung i 1930-årene



**H**ivordan var det å være ungdom på 1930-tallet? Ganske annerledes enn i dag. De fleste norske barn gikk bare sju år på skole, og så var det ut i arbeidslivet. De fikk voksne forpliktelser tidlig, og fikk små sjanser til å leve noe ubekymret ungdomsliv.

## Skolegang ble viktig

Men på 1930-tallet ble det tross alt mer og mer vanlig å gå lenger på skolen – selv om tidene var dårlige. I årene mellom 1930 og 1940 ble for eksempel taller på jenter som tok artium fordoblet. Yrkesutdanningen ble bedre. Det ble mer vanlig å gå ett eller flere år på yrkesskole før man begynte å jobbe.

## Hva med fornøyelser?


Det var da noen, tross alt! Også den gang gikk ungdom på dans, og takket være grammofonene (platespillerne), som det ble stadig flere av i Norge, kunne man danse uten å ha med seg spillemann eller orkester. Swing og jazz var de mest populære musikkformene, og den gang som i dag kom de fleste stjernene

på musikkhimlen fra USA. Interessen for film og kino økte voldsomt, og det var helst filmer fra Hollywood ungdommen ønsket å se, den gang som nå. Men det ble også laget en del populære norske filmer.

## Hva om man ble forelsket?

Den gang som nå ble folk forelsket. Men det var ikke bare rundt 1930! Mange unge par gikk forlovet år etter år. For når man ikke hadde arbeid, kunne man ikke gifte seg. Hvordan skulle man kunne skaffe seg et sted å bo når man ikke hadde lønn? Og hva skulle man spise? Og hva hvis det kom barn?

Bildene i midten gir en idé om ungdomsliv før og nå. Mye er forandret – men også den gang ble folk forelsket.



Studer bildet ytterst til venstre og bildet ytterst til høyre, så får du en idé om hvordan telefonen har utviklet seg fra 1930 og fram til i dag. Den gangen måtte alle telefonsamtaler gå via en lokal telefon-sentral. Damene som jobbet der, hadde nok en underholdende arbeidsdag – de kunne nemlig lytte på alt som ble sagt i telefonen. De kjente nok til mange hemmeligheter!

“ Vi har nu vært forlovet i seks år, hun er 27 og jeg 28, men vi har ikke håp om å kunne gifte oss på enda noen år.”

Utvalgte fra unge par til en avis i 1930-årene

Pengesedler fra 1930-årene, og to av vår tids mest benyttede betalingsmidler: kredittkortene VISA og Mastercard.



## 5

«Kva var det eg sa til deg?»

Jem såg strengt på han over frukostbordet. Han høyrdest sint ut, og Koll studerte matfatet sitt nøye for å sleppa å møta blikket hans.

«Koll! Sjå på meg når eg pratar til deg.»

Han løfta blikket, sakte og motvillig. Faren sat framoverlent mot bordet med armene i kryss framfor seg.

«Då du kom og ville melda deg til militsen. Kva sa eg til deg då?»

«At eg ikkje fekk lov. At eg ikkje kom til å få lov til å prøva meg eingong.»

«Og forstår du kvifor no?» Han sukka. «Du heldt på å drukna der ute, Koll! Hadde det ikkje vore for Dunal, hadde du vore daut!»

«Men eg fekk lov!» protesterte Koll. «Og hadde det ikkje vore for den dumme symjinga, hadde eg greidd det òg!»

«Du fekk ikkje lov av meg.»

«Det er ikkje du som bestemmer kven som skal vera med i militsen og ikkje.»

«Eg er far din, Koll! Eg bestemmer kanskje ikkje over kvar ein tosk som drøymner om å svinga sverd her i landsbyen, men *du* skal iallfall gjera som eg seier!»

Koll såg ned igjen. Han hadde ikkje noko svar å koma

med og visste at faren ikkje ville høyra etter uansett. Det spelte aldri noka rolle kva Koll ville. Faren kom alltid til å prøva å halda han fast og sørjia for at Koll ikkje hadde noko anna val enn å følgja i fotspora hans. Det var som han var bunden til den skiebnen, og han blei meir og meir sint og frustrert over det for kvar gong han kjente tauet stramma seg.

Ingen av dei sa noko på ei stund. Utanfor klatra sola høgare på himmelen, og snart blei det varmare på kjøkkenet. Då Koll var nesten ferdig med måltidet, dukka det opp eit par skikkelisar oppe ved stallen. Jem retta seg brått opp og tømte kruset.

«På tide å arbeida litt, ser det ut til,» sa han kort. På veggen ved vindaugget rykte det til i ein liten hammar. Ei snor som kom inn gjennom eit hol i veggen, løfta ein liten messingarm til slag, men hammarhovudet kilte seg fast i holet og blei sitjande. Det kom ikkje ein lyd frå bjølla hammaren skulle slå mot.

Jem kasta eit blikk på innretninga, sukka og rista oppgitt på hovudet. «Kan du be Mirimani ta ein kikk på dette klokkeopplegget sitt igjen?»

Koll nikka til svar, og faren forsvann ut døra. Det fortsette å rykkja i hammaren på veggen litt til, før den som drog i andre enden av snora, såg at stallmeisteren var på veg.

Koll lurte på om bjølla nokon gong kom til å fungera skikkeleg. Som så mange andre keshiske påfunn høyrdest det jo lurt ut å kunna sitja på kjøkkenet og likevel få med seg når det kom kundar i stallen, men foreløpig hadde det ikkje vore så mykje hjelp i ho. Rom for forbetring, kalla Mirimani det.

Han humra litt då han tenkte på det. Kesharar flest hadde like stor tiltru til vitenskap og ingeniørkunst som andre før hadde hatt til magi, og rista på hovudet av overtru og folk som hang igjen i fortida. Slik både reisande og kervingar smakka om dei, verka dei som ein heil nasjon av folk som alltid skulle forbeta ting, sjølv om dei fungerte heilt knirkefritt og hadde gjort det i mange år. Ifølgje historiene gjorde keshiske maskiner og tekniske innretningar som regel noko heilt anna enn dei var tenkte til, men det var strengt tatt ikkje tilfelle med oppfinningane til Mirimani, når sant skulle seiest. Ein måtte berre hugsa på å prøva ting ut grunndig før ein tok dei i bruk for alvor. Koll hadde aldri møtt nokon som var like oppfinnsam og nevenyttig, og det var mange kervingar som hadde nytt godt av evnene hennar.

Då Mirimani først kom til Kervad sommaren før, gjekk ho rundt i området og målte ting med pendel, kart og ein merkeleg medaljong som såg ut som eit bitte lite solur. Til slutt kom ho fram til at ein liten jordlapp på egedommen til Jem var den einaste rette plassen å slå seg ned på, og sjølv om verken han eller Koll nokon gong forstod kvifor, hadde dei ikkje noko imot å la den smårare utendingen få bli. Dei trong leiga, og det var alltid greit å ha dyktige handverkarar i nærleiken.

Så snart han var ferdig med frukosten, rydda Koll av bordet og gjekk ut. Han såg ingen gjennom den opne kjøkkendøra hennar, men han høyrde lydar frå verkstaden ved sida av. Han banka på, men fekk ikkje noko anna svar enn skramling i kasser og skrot der inne frå. Men døra var ulåst, så han opna ho på gløtt og kikka inn.

På den andre sida av rommet stod Mirimani med ryg-

gen til og sveiva på skrustikka på arbeidsbenken. Dei lange, mørke flettene som hang nedover ryggen hennar svinga att og fram i takt med kvina frå metallet. Ved sida av ho stod det eit skrin med lokket oppe, men han kunne ikkje sjå innhaldet.

«Mirimani? Kva driv du med?»

Ho skvatt til og snudde seg brått.

«Koll! Du skremte meg! Du må ikkje snika deg rundt sånn!»

Ho sukka letta og smilte til han.

«Kom inn,» sa ho og vinka han nærare. «Skund deg, før fleire kjem og snokar!»

Koll gløtta forsiktig over skuldra si, sjølv om han visste det ikkje var nokon andre i nærleiken. Hemmeleghetskremmeriet til Mirimani var smittsamt. Han stengte døra bak seg og skunda seg bort til benken.

«Kva har du i skrinet?»

«Ingenting no,» sa ho, før ho plukka opp ein stoffbylt frå benken. «Men eg hadde *derne* oppi der.»

Ho tok til å surra opp bytten, og Koll følgde nøye med på hendene hennar etter kvar som stoffet forsvann og innhaldet kom til syne. Pakka godt inn i stoffet var noko svart og glatt, nesten som ein av dei runde steinane langs elvebreidda. Kvar gong ho snudde litt på tingen, glimta det i små flekkar av sølv og gull på heile overflata, og til og med den svarte fargen skein og blinka i det svake lyset.

«Ser du?» kviskra ho og løfta hendene inn i ei av lysstripene som skar gjennom rommet. Dei glitrande gullflekkanе fanga lyset med ein gong og kasta det tilbake på ansikta deira.

Koll var trollbunden. Han hadde aldri sett noko så magisk og klarte ikkje ta auga frå steinen.

«Kva for slags stein er det?» spurde han, like lågt som ho.

«Det er ikkje ein stein,» sa ho og snudde tingen så han kunne sjå han frå fleire sider. Etter som ho dreidde han rundt, såg Koll at det han hadde trudd var skar frå ein stein, egentleg var trynt som eit lauv! Kantane var taggete og skarpe, men elles var han bøygd nesten som ei skål og låg lett oppå fingrane hennar. Mirimani lente seg litt nærare og såg han inn i auga.

«Det er eggeskal.»

«Ikkje tull!» sa Koll. Rett nok kunne det minna om ein liten bit av eit knust egg, men fuglar som kunne leggja så store egg, fanst ikkje. «Kva er det for noko?»

«Eg tullar ikkje! Eg felk det frå ein kar som var i Kasta- rundt og leita etter gull. Han fann ikkje noko sånt, men ein dag snubla han over denne biten her. Eg er ikkje heilt sikker enno, men eg trur det er ein bit av eit drakeegg.»

«Men drakar finst jo ikkje lenger!»

«Kanskje ikkje, men det betyr ikkje at vi ikkje kan finna spor etter dei. Eggeskala forsvinn ikkje frå hønsehuset av seg sjølv, gjer dei vel!»

Koll kikka på den glitrande, svarte biten igjen og prøvde å sjå for seg kor stort egget måtte ha vore.

«Kva skal du gjera med det?» spurde han.

«Først skal eg finna ut om eg har rett.»

Mirimani retta seg opp igjen og snudde seg mot skru-stikka. Ho sveiva handtaket rundt eit par gonger til, før ho plasserte den eine enden av eggeskaret mellom dei to kjevane.

«Drakeegg skal vera umåteleg sterke,» forklarte ho. «Ingen har klart å knekka eller knusa eit med verken muskelkraft eller verktøy, så viss det går sprekkar i denne biten når eg strammar til no, tar eg feil.»

Ho heldt skaret på plass med ei hand og tok sakte til å snu handtaket rundt igjen. Koll våga nesten ikkje å pusta medan skrustikkkjeffen klemte til rundt skaret.

Mirimani drog sveiva ein halv gong rundt, og skaret var framleis like heilt då ho sleppte taket. Ho trekte pusten djupt, tok tak i handtaket med begge nevane og kviskra «No gjeld det ...»

Huda kvitna rundt dei sterke fingrane hennar i det ho drog hardt til. Koll gispa. Han trudde det tynne skaret skulle gå i tusen knas utover golvet, men det heldt! Til og med då Mirimani tok spenntak med eine foten opp mot benken og stramma til alt ho makta, var det ikkje ein sprekk å sjå i den glatte overflata.

«Det er ikkje muleg ...» kviskra Koll då han lente seg inn for å sjå. «Korleis kan noko så trynt vera så sterkt?»

«Visst er det muleg!» sa Mirimani. «Før i tida var det visst berre trolldom som kunne skada drakeegg, på grunn av all den medfødde magien drakane hadde. Det heng tydelegvis framleis ein god del igjen ...» Ho lét fingrane gli over eggeskaret medan auga hennar lyste opp av iver.

«Fort! Gi meg hammaren!»

«Hammaren?! Kva skal du med den?»

«Kva trur du? Eg skal prøva å slå av ein bit, berre for å vera sikker. Kom igjen!»

Koll kunne ikkje anna enn å le litt då han skunda seg for å henta hammaren frå verktøykassa. Sjølv om Miri-



mani var omtrent like gammal som far hans, var ho alltid nesten barnsleg ivrig når ho skulle finna ut av ting.

Ho spytta i nevane, tok godt tak i hammarskaftet og slo til. Slaget treffe kanten av skaret og glapp ned på skrustikka så hardt at det song i metallet og ho mista taket på hammaren.

«Ahhl!» Mirimani beit tennene saman og rista laus etter slaget. «Det var vondt. Den biten er verkeleg utruleg hard!»

Koll kraup inn under arbeidsbenken og plukka opp hammaren igjen.

«Har du tenkt å fortsetja til du greier det?»

Ho lo og rista på hovudet. «Eg trur ikkje det går å berre slå det sundt, nei. Men det må jo gå an å finna ein måte å forma det på...»

«Men kva skal du med det?»

«Alt muleg!» sa ho. Iveren var tilbake i stemma hennar no. «Berre tenk på alt vi kan bruka eit stoff som er sterkare enn stål, til!»

«Våpen?» foreslo Koll, litt usikkert.

«Våpen? Jo jo, sikkert våpen òg, men tenk på verktøy! Øksar og sager som aldri blir sløvel. Boltar og hjulakslingar som aldri knekk! Båtar! Tenk deg båtar det aldri kan gå hol på!»

«Men då treng du vel litt meir enn det du har her?»

«Jo, det er klart. Men der det er litt, finst det ofte meir. Ein ting om gongen...» Mirimani la armene i kryss over brystet og stira på eggeskaret, som om det kom til å bli mjukt og lett å forma berre ho såg hardt nok på det. «Himm... Kanskje det kan flast eller slipast til... eller varmast

opp? Det må nok *mykje* varme til, men Vallis hjelper meg nok... eller... kanskje det må kjølast ned? Eller leggjast i eit eller anna alkymisk bad...?»

Koll blei ståande litt til medan ho grubla på saka, men då han skjønnte at ho prata mest til seg sjølv og antakeleg hadde gløymt at han var der i det heile, fann han ut at det var like greit å gå. Bjølla felk venta.

I det han kom ut på plassen igjen, stoppa han opp og såg opp mot himmelen. Medan han skygde for sola med eine handa, stira han frå den eine horisonten til den andre og prøvde å sjå for seg korleis det ville vore å sjå ein diger drake koma flygande over åsane.

Han visste jo at dei ikkje var snille, akkurat. Det fanst massevis av historier om folk som hadde blitt tatt, landsbyar som brann ned, heltar og riddarar som drog ut for å verna folk og land mot drakeherjingane. Men det var noko magisk og majestetisk ved dei, noko eventyrleg som felk Koll til å drøyma om andre tider og eit anna liv.

På den andre sida av tunet låg stallen og venta på han. Motvillig lét Koll dagdraumen fara og gjekk tilbake til kvardagen.

•••

Det blei ein lang dag. Jem hadde ei lang rekke ting som skulle gjerast, og såg ut til å ha bestemt seg for å driva Koll hardt, som straff for gårdsdagen. Koll gadd ikkje seia noko til det, berre jobba seg jamt og trutt gjennom kvar oppgåve. Først skulle spiltaua reingjerast, og så arbeidde dei fleire timar med ljå og rive i bakkane bak huset. Då han

ikkje greiddde å skjula haltinga lenger, sette faren han til å stabla ved i staden. Heile ettermiddagen gjekk med til å lempa ved frå ein plass til ein annan, berre fordi det var nokre rotne bord Jem ville byta ut i veggen bak stabelen. Koll forstod ikkje kvifor det ikkje berre kunne venta til dei hadde brukt veden, men faren ville ikkje høyra.

Det nærma seg kvelden, og framleis var det mykje ved igjen. Han var sliten og støl etter å ha flytta fleire fang, og det verke i armen kvar gong han prøvde å løfta noko over hovudet. Dei siste par timane hadde han blitt meir og meir lei arbeidet. Det var tungt og meningslaust, og han blei stadig meir rastlaus og irritert for kvar bør han tok.

Det blei ikkje betre av at den merkelege susinga i øyra frå dagen før kom tilbake, heller. Det var som han høyrde ei stemme kviskra til han av og til, men altfor utydeleg til at han greiddde å finna ord i lyden. Verken Jem eller hestane såg ut til å høyra det, etter kva han kunne sjå når faren av og til stakk hovudet ut av stallen for å sjå kortleis det gjekk med arbeidet. Etter kvart tok han til å lure på om han berre innbilte seg ting.

Men lyden gav seg ikkje. Han kunne forsvinna innimellom, men kom tilbake i kast når han minst venta det. Var det berre vinden? Han såg opp på trekronene då kviskringa kom tilbake. Greinene svaia i ein lett bris, men i hovudet hans var det som det bles opp til storm i kasta.

Han blei ståande og sjå på trea på andre sida av tunet. Brått blei han var ein skikkelse oppe i bakkane der dei hadde slått tidlegare på dagen. Han kunne berre så vidt skimta han mellom dei urolege greinene, og då vinden løya litt igjen, forsvann han ut av synet.

Koll la frå seg vedkubbane han hadde i armene, og gjekk nærare. Litt lenger ut på tunet, så kunne han sjå betre opp i bakken. Neste gong vinden opna trekrona for han, såg han plassen igjen. Men det var ingen der.

Vinden bles sterkare over tunet, og Koll blei ståande lenge og sjå opp i bakken. Om det var ein mann eller ein underjordisk han hadde sett, visste han ikkje, men han var heilt sikker på at det hadde vore nokon der.

Skikkelsen viste seg ikkje igjen, og til slutt gjekk Koll tilbake til arbeidet. Då kvelden endeleg kom, var han så utkøyrd at han knapt orka å eta kveldsmat før han slokna.